



Protokoll styremøte Rosendal 11.05.17

på kontoret i Rosendal torsdag 11. mai kl 1200

Desse møtte: Styreleiar Arne Presthus, nestleiar Kjetil Larsgard, Svein Hjelmeland, Reidar Stenberg, Marit Hesvik, Ivar Bjørkedokken, Tore Gunnar Hjortland, dagleg leiar Sølvi Gundersen og Britt Karen Alfarnes.

Lars Børge Sæberg var med på deler av styremøte for å svare på spørsmål ang årsmøtet i og med at han var ordstyrar på Årsmøtet 31.04.17

Hilde Marie Ro hadde meldt avbud, så Ivar Bjørkedokken var kalla inn som 1.vara frå krins Øvre Buskerud.

Sakliste:

Sak 19/17 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak: Innkalling og sakliste vart godkjend, med merknad om at det burde stå i innkallinga at det vart servert lunsj før møtet.

Sak 20/17 Godkjenning av referat frå sist styremøte.

Vedtak: Referat vart godkjend og signert.

Sak 21/17 Nye styremedlemer

Vedtektene til laget og instruksen for styret skulle gjennomgåast og bl a § 10- Styret vart opplesen av dagleg leiar Sølvi Gundersen.

Instruksen for styret skulle gjennomgåast, og pkt 10-Teieplikt blei diskutert.

Debatt om kor mykje informasjon ein kan gå ut med til medlemmer av saker som blir diskutert på styremøter.

Det som er vedtatt i styret er informasjon som er offentlig, og dette skal leggest ut på heimesida til Landbrukstenester Folgefonna.

Nye styremedlemer og varamedlemer skulle signera på taushetserklæringa.

Dette vart gjort av Arne Presthus, Kjetil Larsgard, Marit Hesvik og Ivar Bjørkedokken.

Vedtak: Vedtektene og instruksen vart opplesen, og taushetserklæringa vart signert.

Sak 22/17 Økonomi

Rekneskapsrapport 1. kvartal (01.01.-31.03.)

Rekneskapsrapporten er periodisert, og såleis ikkje representativ når ein ser heile året under eit.

Vedtak: Rekneskapsrapporten vart gjennomgått og teken til etterretning.

Sak 23/17 Møteplan

1. Tirsdag 5. september kl 12.00 på Ysteriet på Hol hos Reidar Stenberg
2. Tysdag 5. desember- onsdag 6. desember på Park Hotell på Voss. Dette blir i samband med julebord saman med landbruksvikarane om kvelden tirs 5. desember.
3. Kretsmøte i Hordaland i februar 2018. Dato ikkje klar enda.
4. Kretsmøte og styremøte på Gol i februar/mars 2018. Dato ikkje klar enda.
5. Styremøte og Årsmøte innan utgongen av april 2018. Dato ikkje klar enda.

Vedtak: Heretter blir 1. vara både frå krins Øvre Buskerud og krins Hordaland kalla inn til alle styremøter.

Sak 24/17 Ymse

- Sjå på mulighetane til å få i gong ein lærlingordning, det avløyserane får fagbrev. Rekruttering i landbruket er viktig og Landbrukstenester Folgefonna kan vera ein aktør i dette om det er mulig å få på plass.
- Viktig med meir informasjon ut til medlemmene. Sende ut infoskriv jamnleg, og alle protokollar skal leggjast ut på heimesida etter kvart.
- Nye søknadsfrister, teljedatoar og tilskudd ferie/fritid blei diskutert.
- Merknadane til Aslak Botten etter årsmøtet 31.04.17 blei teken til etterretning. Det er viktig med eit godt samarbeid mellom styret, administrasjon og medlemmene.

-Kjetil Larsgard er som nestleiar Landbrukstenester Folgefonna sin ambassadør i krins Øvre Buskerud. Spørsmål eller andre ting som medlemmene i Øvre Buskerud har kan takast opp direkte med han.

Elles så svarer også Arne Presthus som styreleiar også på alle spørsmål dersom det skulle vera noko.

Møtet blei heva ca kl 15:30

Ref: Britt Karen Alfarnes